



Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes

Referanser:

Dykkar: Ref.:- Skjemanr.:
Vår: 23/56 - 23/581

Saksbehandlar:

Jan Kvingedal
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:

18.01.2023

Melding om delegert vedtak - Søknad om utsleppsløyve - bustadfelt Ytre Haugsdal - gbnr 1/97

Vi syner til søknad motteke 16.01.23

Administrativt vedtak. Saknr: 005/2023

Tiltakshavar: Masfjorden kommune

Søknadstype: Søknad om utsleppsløyve

VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til forureiningsføresegna §12 og lokal føresegn for utslepp av sanitært avløpsvatn i samband med etablering av bustadfelt på gbnr. 1/97 og godkjenner søknad med heimel i nevnde føresegner på fylgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan vedlagt søknad datert 17.01.23 jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal utførast iht. krav i forureiningsføresegna og lokal føresegn for utslepp av sanitært avløpsvatn for Masfjorden kommune.
3. Det skal søkjast om ansvarsrett for utføringa av avløpsanlegget før etablering.
4. Tiltaket kan ikkje takast i bruk før det er gjeve ferdigattest
5. Det skal etablerast avtale om vedlikehald med leverandør før det blir gjeve ferdigattest

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn:

Det er søkt om utsleppsløyve frå biologisk renseanlegg i samband med etablering av nytt bustadfelt på gbnr. 1/97 i Ytre Haugsdalen.

Fakta

Det er planlagt bustadfelt i Ytre Haugsdalen på gbnr. 1/97 med 14 einebustader og 2 rekkje/ fleirmanns bustader. Det er rekna med 5 personar i kvar eining , slik at ein søkjar om utslepp for 95 PE. Det er frå rådgjevar beskrive eit anlegg med «høggradig aktivt slamanlegg», av typen Biovac SBR 0115N eller tilsvarende. Feltet blir utbygd i ei totalentreprise, så entreprenør kan fritt velgja leverandør, så lenge funksjonen er tilsvarende nemde anlegg. Det må inngåast avtale med leverandør om vedlikehald av anlegget før det blir gjeve ferdigattest.

Vurdering

Søknad er iht. krav i lokal føresegn for utslepp av sanitært avløpsvatn. Tilbodsmateriell blir og tilpassa slik at det ivaretek krav i lokal føresegn.

Konklusjon

Tiltaket vert godkjent jf. vedtaket

Kopi til:

Martin Halset

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Martin Halset

Mottakarar:

Masfjorden kommune

Austfjordvegen 5981
2724

Masfjordnes